




Prosjektskisse

Boliden-arkivet

Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum har oppbygginga av SINDARK (Senter for Industriarkiv) som ei prioritert satsing. Senteret ligg på Smelteverkstomta i Odda, og satsinga på SINDARK inngår også i museet sin strategi om å auka aktiviteten i Odda sentrum. Prosjektet Boliden-arkivet er eit svært viktig tiltak når det gjeld å styrka drifta i SINDARK, og vil vera eit verkemiddel for å byggja både det faglege og økonomiske fundamentet til verksemda.



SINDARK, i den gamle trafostasjonen på Smelteverkstomta i Odda. Foto: Terje Læg Reid

Kraftmuseet som privatarkivinstitusjon

Sidan museet starta som eit prosjekt i 1987, har innsamling, sikring og tilgjengeleggjering av privatarkiv vore høgt prioritert. Kva arkiv ein tar imot er definert i museet sin føremålsparagraf:

(...)Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden. Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur (...)

Per 2018 har Kraftmuseet over 240 privatarkiv, mellom anna arkiv frå store industriverksemder som Odda smelteverk AS, Det Norske Nitridaktieselskab, Hovland Ullvarefabrik, og AS Tyssefaldene. I tillegg har vi òg motteke og ordna arkiv etter fleire store fagforeningar i Odda og Ullensvang. Museet tek dokumentasjonsoppdrag for andre, t.d. Statkraft, BKK, Hordaland fylke, Riksantikvaren og Odda kommune. Arkivkartlegging, arkivskanning og digitalisering av materiale er viktige element i slike prosjekt.

Utover dette er Kraftmuseet fagleg tematisk ansvarsmuseum i Hordaland for industri og kraftproduksjon, (Regional plan for museum i Hordaland, 2011-15):

... NVIM konsentrerer verksemda si rundt forvaltning av industriarven i Odda og Tyssedal. Museet har nasjonale oppgåver på feltet, er hovudsamarbeidspart i NVE si museumsordning, og har i oppgåve å fokusera på vatn og vassdrag som kraftkjelde, vassdragsvern og konsesjonsbehandling. NVIM driv også forskning på og formidling av industristaden, og korleis vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri påverkar samfunnet.....

SINDARK (Senter for Industriarkiv)

SINDARK held til i den gamle Trafostasjonen frå 1907 på Smelteverkstomta. Bygget er utvendig verna, og ombygd til arkivføremål etter norske arkivfaglege standardar. Senteret vart opna på Arkivdagen 2013, med temaet ”Stemmer frå industrien”. Byggeigar er Odda energi, og Odda kommune har prioritert SINDARK ved langtidsleige av bygget på 30 år til arkivføremål. Det vert no arbeidd med å sikra ei fast driftsfinansiering av SINDARK, som ei permanent avdeling av Kraftmuseet. For fleire opplysingar om SINDARK, sjå vedlegget Sindark-rapport 2016.



SINDARK har bygd opp svært gode fasilitetar, og har kapasitet til å ta i mot privatarkiv både lokalt, regionalt og nasjonalt. Foto: Kraftmuseet

Boliden Odda

Boliden Odda er den største verksemda i indre Hardanger i dag, med vel 300 tilsette.

Bolidenkonsernet har over 5000 tilsette i gruver og fabrikkar i Noreg, Sverige, Finland og Irland. Produkta frå Odda vert selt globalt; sink, svovelsyre og kadmium. Vi finn produkta att i samfunnet som komponentar i bygg, bilar, tele- og datasystem, elektroniske produkt og i kraftproduksjon. Produksjonen av sink er fordobla ved Boliden dei siste 25 åra, samstundes med at verksemda har gjennomført betydelege forbetringar på miljøråsa og stor grad av rasjonalisering. Boliden Odda produserer per 2017 200 000 tonn sink per år og er i ekspansjon. Bolidenkonsernet har denne headinga på nettsida (<https://www.boliden.com/> og <https://www.boliden.com/operations/smelters/boliden-odda>):

Metals for modern life

Boliden is a high-tech metal company with its own mines and smelters that work over the long term to guarantee society's supply of base metals and precious metals through the mining of ore (minerals) and the production and delivery of high quality metals to industry.

Our high productivity is based on experience, innovation and advanced technology, developed in collaboration with Nordic technology and engineering companies. Today, around 5,500 people work at Boliden, which has operations in Sweden, Finland, Norway and Ireland.

Metals are needed in all sectors and without them, modern society would cease functioning.

Boliden-arkivet

SINDARK hadde synfaring ved Boliden Odda hausten 2015 for ei grov kartlegging av omfanget av arkivet. Totalt ser det ut til å vera bortimot 250 hm arkiv. Vi fann arkivsaker i to lokale på Boliden sitt område på Eitrheimsneset, begge er ueigna for arkivføremål. Arkivet frå ca. 1924-1966 er ordna, registrert i samarbeid med Kraftmuseet, og oppbevart i HMS-bygget ved verksemda. Dette bygget ønskjer Boliden å nytta til andre føremål. Arkiv ca. 1966-2000 er heilt uordna. I tillegg finst arkivfragment avlevert til SINDARK tidlegare, mellom anna etter miljøleiar Per Strømsnes. Fragmenta inneheld dokument og foto om det viktige miljøprosjektet «Prosjekt Indre Sørfjord». Dette vert innlemma i Boliden-arkivet i ordningsarbeidet.

Prosjektorganisering

Arkivprosjektet Boliden-arkivet vil strekkja seg over 3,5 år. Deponeringsavtale vart signert 29.06.2018, og ligg som vedlegg til denne søknaden. Før oppstart vil det bli utnemnd prosjektleiar. Direktør og administrasjonsleiar ved respektive Kraftmuseet og Boliden vert styringsgruppe for prosjektet.

Prosjektarbeidet

Arkivet frå ca. 1924-1966 bør snarast flyttast til SINDARK og registrerast i ASTA/ Arkivportalen. Det uordna arkivet ca. 1966-2000 må takast frå grunnen. Det står i kassar, esker og opne hyller over omformarstasjonen på Boliden. Der er òg eit personalarkiv vi enno ikkje kjenner omfanget av. Flytting av arkivet frå 1966-00 vert utfordrande. Tilkomst er berre via utvendige, smale trapper 3 etasjar opp, og det finst ikkje heis i bygget. Vi må vurderer om det går å nytta kran i flytteprosessen. Sjølve flyttinga tek Boliden-tilsette seg av, med Sindark-personale som rettleiarar (vedlegg Flytteplan). Denne delen av prosjektet er den største, og er rekna til å ta nesten 3 år. SINDARK vil ha kontakt med tilsette i Boliden, for best mogleg å kunne rekonstruera arkivordninga. Vi ser det som ei stor føremon om einskilde tilsette og pensjonistar kan delta i sjølve ordningsarbeidet. Vi har god erfaring med det frå liknande prosjekt.

Avtalen mellom Boliden og SINDARK omfattar deponering, ordning, registrering i arkivsystemet ASTA og sikring av det verdfulle arkivmaterialet i SINDARK. Arkivordninga vert gjort etter norsk arkivstandard, og er totalt rekna til å ta 2,5 årsverk. Boliden vil betala hyllemeterpris for bevaring i sikra arkivmagasin. Leiinga ved Boliden ønskjer at arkivet vert søkbart. I dag er det vanskeleg å finna att saker i arkivet. NVIM har frå før fått deponert arkivet til avd. 61 av forbundet Industri Energi for åra frå stiftinga i 1929 til 1984. Når alt arkivmateriale vert ordna, vil det vera ein stor fordel for forskarar å kunna nytta materiale frå begge desse arkiva.

Vidare fram mot 100 års-jubileet for Boliden i 2024, ser SINDARK og Kraftmuseet moglegeheit for fleire samarbeidsprosjekt. Det vil vera ein stor fordel at arkivet er ordna og søkbart i god tid før dette. Samarbeidet vil vera på foto- og filmdokumentasjon, intervju, utstillingar, gjenstandar, og ikkje minst på forskning i materialet i Boliden-arkivet som etter kvart vert tilgjengeleg. Leiinga ved Boliden er òg særleg opptekne av at filmopptak gjort ved bedrifta må sikrast og overførast til nye plattformar. Mange av desse er i gamle format som BETA, VHS, Super 8 og ikkje lenger leseleg på moderne maskiner.

Framdriftsplan

Prosjektet skal utførast frå 01.09.2018 til 31.12.2021

01.09.2018-01.12.2018 Flytta, ta imot og sikra arkivdel 1924-1966.

01.12.2018-30.03.2019 Registrera arkivdel 1924-1966 i ASTA/Arkivportalen.

01.04.2019-31.12.2021 Flytta, ta imot, ordne, sikra og registrera arkivdel 1966-2000.

01.10.2021-31.12.2021 Digitalisera/formidla delar av arkivmaterialet, skriva sluttrapport.

Budsjett og finansiering

Budsjett 1. år

Arbeid/løn	650 000
Transport, reiser	50 000
Varer/tenester/ IT	50 000
<u>Administrasjon</u>	<u>50 000</u>
Sum:	800 000

Finansiering 1. år:

Arkivverket	200 000 (stadfesta)
Boliden Odda AS	50 000 (stadfesta)
Odda kommune	40 000 (stadfesta)
SINDARK/Kraftmuseet	50 000 (stadfesta)
HFK Museumsloftet	250 000 (ikkje stadfesta)
Bankstiftingar og andre	160 000 (ikkje stadfesta)
<u>Frivillig arbeid</u>	<u>50 000</u>
Sum:	800 000

Budsjett heile prosjektperioden:

Arbeid/løn	2 300 000
Transport, reiser	100 000
Varer/tenester/ IT	200 000
<u>Administrasjon</u>	<u>200 000</u>
Sum:	2 800 000

Finansiering heile prosjektperioden:

Arkivverket	1 000 000
Boliden Odda AS	200 000
Bankstiftingar og andre	300 000
Odda kommune	150 000
Hordaland fylkeskommune	850 000
SINDARK/Kraftmuseet	200 000
<u>Frivillig arbeid</u>	<u>100 000</u>
Sum:	2 800 000